

# Referat frå styremøte



**Sted:** Peisestova Dølehalli  
**Tid:** Torsdag 31. januar 2019 Kl.: 19:00 – 20:30  
**Til stades:** Geir Notodden, leiar  
Björg Nordlien, medlem  
Kåre Slåtta, medlem  
Nunnun Gjersund, varamedlem  
Astrid Åmot, varamedlem.  
Solveig Jamgrav, rekneskapsførar

**Kopi til:** Hege Bjåland, medlem  
Terje Nilsen Haugen, varamedlem  
Ottar Gjersund, varamedlem  
Aksel Andersen, medlem

*Varamedlemmer vert innkalla til alle styremøte og mottek alle referata. Disse har ikkje møteplikt eller stemmerett forutan når dei stiller for ein namngitt fast representant. Dersom du som medlem må melde forfall til styremøtet, så er det ditt ansvar at ein av varamedlemmane møter i ditt namn.*

## Sak 1/18 **Rekneskap**

Solveig orientera om årsrekneskapen som blir lagt fram for årsmøtet.

Rekneskapen er ferdig og godkjent av revisor

Behandling:

Styret gjekk gjennom alle detaljar i rekneskapen og fekk svar på alle dei spørsmål som vart stilt. Styret ber om at det fakturerast kontinuerleg gjennom heile året og at alle inntekter og utgifter vert bokført snarast slik at me heile året har et godt bilete av den økonomiske situasjonen.

Overskotet synast å komme grunna at fakturering for 2017 ikkje vart gjort før i 2018 og inntekta frå Dyrsku'n ikkje kom inn før i 2018.

Konklusjon:

Rekneskapen visar eit lite overskot, men ei tettare oppfølging av fakturering ville vist eit mindre underskot

Handling:

Rekneskapen leggst fram for årsmøtet.

## Sak 4/18 **Skulebygget**

Bygget må utbetrast innvendig etter avtale med ny leietakar.

Behandling:

Leiar la fram et budsjett for innvendig oppgradering av skulebygget.

<b>Stove</b>		<b>Vestvegg stove</b>	
Trinnlyddempar	700	Veggplater	1000
Laminat	4000	Fotlist	250
Forsegling	500	Taklist	400
		Veggmaling	1500
<b>SUM</b>	<b>5200</b>	<b>SUM</b>	<b>3150</b>
<b>Gang</b>		<b>Kjøkken</b>	
Hovuddør	5000	Innreiing, brukt	5000
Omramming	600	Diverse	3000
<b>SUM</b>	<b>5600</b>	<b>SUM</b>	<b>8000</b>
<b>TOTALSUM</b>	<b>21950</b>		

Forventa inntekter på utleige i 2019 vil væra Kr 30.000,-

Konklusjon:

Arbeidet gjennomførast som planlagd.

Handling:

Leiar syter for å skaffe nødvendig materiell og følgjer opp arbeidet.

#### Sak 10/18

#### Sceneoppgradering

Leiar orientera om kva som bør gjerast for at me skal få ei scene som kan nyttast til ulike tilskipingar.

Behandling:

Styret sa seg einige i at noko måtte gjerast ned scena, men at den økonomiske fridomen ikkje var slikt at det kunne gjennomførast nå.

Konklusjon:

Scena oppgraderast om det finnes moglegheiter for å skaffe interne midlar til dette.

Handling:

Leiar for i oppdrag og sjå på kva for eksterne moglegheiter det finnast for å finansiere sceneoppgradering.

#### Sak 1/19

#### Påskelotteri

Mari Gjersund har foreslått å ha eit kake-påske-lotteri. Ho vil sjølv sitte på bui i påskeveka og selje lodd, men treng hjelp til baking.

Behandling:

Styret synast godt om forslaget og støttar gjerne opp om dette. Det har tidlegare vore tradisjonen at Måltrosten 4H har hatt ein slik aktivitet. Dølehalli ynskjer ikkje å komme i konflikt dersom eit slikt lotteri skal arrangerast i år.

Konklusjon:

Me set i gang med lotteri dersom ingen andre lag i bygda har tilsvarende planer.

Handling:

Leiar tek kontakt med 4H i Morgedal for å klargjere om eit slikt lotteri skal haldast av dei dette året.

#### Sak 2/19

#### Budsjett

Det er viktig at styret har eit budsjett for 2019 som tek omsyn til drift og investeringar i Dølehalli.

Behandling:

Styret sat saman opp eit budsjett på bakgrunn av dei opplysningane som ligg føre og fjorårets rekneskap.

Det blir ikkje laga eit investeringsbudsjett utover det som er satt opp for oppgradering av skulebygget.

<b>Budsjett 2019</b>		2017	2018	2019
<b>Husleige</b>	<b>Skreppa</b>			30
	<b>Lokalar</b>	20	20	20
	<b>leilegheit</b>			30
	<b>SUM</b>	20	20	80
<b>Tilskiping</b>	<b>17.mai</b>	0	-1	0
	<b>basar</b>	28	28	25
	<b>utstyr</b>	0	2	1
	<b>lagerleige</b>	0	1	0
	<b>SUM</b>	28	30	26
<b>Dugnad</b>	<b>Dyrsku'n</b>	24	25	25
	<b>Andre inntekter</b>			
	<b>bøker</b>	2	1	1
	<b>refusjon utstyr</b>	3	0	0
	<b>diverse</b>	0	7	0
<b>SUM</b>	5,4	8	1	
<b>Tilskot</b>		20	5	10
<b>Tomteleige</b>		2	2	2
<b>SUM INNTEKTER</b>		99	90	144

	2017	2018	2019
<b>Straum</b>	75	45	50
<b>Forsikring</b>	25	26	28
<b>Renovasjon / kom avg</b>	-7	11	12
<b>Vedlikehald</b>			
<b>andre</b>	0	5	0
<b>vasstilkobling</b>	0	3	0
<b>drenering</b>	0	15	0
<b>Leilegheit</b>	0	0	20
<b>diverse</b>	0	2	2
<b>wc og nye låsar</b>	15	0	0
<b>SUM</b>	15	25	22
<b>Brøyting</b>	8	8	8
<b>Rentokil</b>	7	7	7
<b>Kontor og drift</b>	2	3	3
<b>Møter</b>	0	2	2
<b>Gåver</b>	1	1	1
<b>Marknadsføring</b>	1	0	1
<b>SUM UTGIFTER</b>	127	128	134
<b>TOTALT RESULTAT</b>	-28	-38	10

Konklusjon:

Budsjettet for 2019 er satt opp med eit overskot på kr 10.000

Sak 3/19

Styrets årsberetning

Leiar la fram forslag til styrets årsberetning for 2018. Styret har også fått detta på e-post slik at dei har fått anledning til å lesa gjennom heile.

Behandling:

Årsberetning vart gjennomgått og diskutera. Det er vanskeleg å si kva for detaljeringsgrad me skal nytta, men dei fleste likar å bli orientera om kva som skjer.

Konklusjon:

Årsberetninga leggst fram for årsmøtet.

Handling:

Leiar syter for at årsberetninga blir distribuera til alle dei direkte involverte og at det finnast i papirform på bui i tillegg til at det distribuerast på nett.

Sak 4/19

Årsmøte

Styret har fastsett årsmøte til 28.februar 2019 Kl 19:00 i peisestova.

Det kunngjerast med oppslag, på nett og gjennom ei annonse i VTB.

Lag med tidlegare aksjar i Dølehalli SA innkallast spesielt.

*Det er ikkje fastsett dato for nytt møte, men ein må rekne med at det blir halde i ultimo mars 2019.*